



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

| | |
|-------------------|--|
| Tid: | Sundag 13. mars 2022 kl. 13:00 |
| Stad: | Lier |
| Tilstades: | Marius Johannessen, Øyvind Gulliksen, Karl Andreas Karlsen, Magnus M. Aronsen, Anna Tveit (vara) |
| Frå adm.: | Hildegunn L. Fjelland |
| Andre: | |
| Forfall: | Erik Bloch, Jakob Løve Rud (vara), Andrea Maud Mjønes (vara) |
| Referent: | Hildegunn L. Fjelland |

Kretssekretær leia styremøte.

Saksliste

| | |
|----------------|---|
| RK-sak 18/2022 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| RK-sak 19/2022 | Godkjenning av referat frå styremøte 11. januar 2022 og avstemming 19.januar 2022 |
| RK-sak 20/2022 | Statusrapport |
| RK-sak 21/2022 | Rekneskapsrapport |
| RK-sak 22/2022 | Nye kontaktpersonar |
| RK-sak 23/2022 | Kretskonkurransen 2022 |
| RK-sak 24/2022 | Kretsen sin økonomi i eit lengre perspektiv |
| | Eventuelt |

RK-sak 18/2022: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknadar.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent.

RK-sak 19/2022: Godkjenning av referat frå styremøte 11. januar 2022 og avstemming 19. januar 2022

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 11. januar 2022 og avstemming 19. januar 2022 vert godkjent.

RK-sak 20/2022: Statusrapport

Kretstingets årsmøte vart arrangert laurdag 05. februar digitalt på zoom-videochat.

Det var 45 representantar med stemmerett og to observatørar.

VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 21/2022: Rekneskapsrapport

Ingen merknadar til rapporten.

Visekretsleiar orienterte om at han no går gjennom og godkjenner alle utbetalingar kretsen gjer.

VEDTAK: Rekneskapsrapporten vert godkjent.

RK-sak 22/2022: Nye kontaktpersonar

Alle gruppene har ein kontaktperson i kretsstyret. I forbindelse med val av nytt styre har nokre grupper fått ny kontaktperson.

Anna Tveit tek over ansvaret for Kopervik og Skår speidargruppe

Andrea M. Mjønes får ansvar for Speidernes Beredskapsgruppe i kretsen.

VEDTAK: Dei aktuelle gruppene vert orientert om sin nye kontaktperson.

RK-sak 23/2022: Kretskonkurransen 2022

Kretskonkurransen i år vert på Åkrasanden 1-3.april med Åkra speidargruppe som teknisk arrangør. Alle oppgåvene er klare og Åkra har god kontroll på teknisk.

Kretskonkurranseskomiteen treng framleis fleire medlemmar.

VEDTAK: Dei frå kretsstyret som har moglegheit deltek, og jobbar elles med å rekruttere fleire medlemmar til kretskonkurranseskomiteen.

RK-sak 24/2022: Kretsen sin økonomi i eit lengre perspektiv

På kretstingets årsmøte drøfta me korleis kretsen ynskjer å disponere pengane våre framover. Det var mange som hadde ordet i saka og ting som gjekk igjen var:

- Bruke pengar på arrangement, inspirasjon, opplevingar, kurs o.l. heller enn utstyr.
- Sjå på deltakaravgifter på kurs, arrangement, leirar o.l. Kan den vere lågare?
- Oppgraderingar på leirplassen vår på Lier.

- Arrangement spesielt for speidarar i ungdomsalder.

Kretsstyret har sett på innspela frå kretstingets årsmøte og jobbar vidare med desse.

Kretsstyret har sjølv eit ynskje om å gjere nokre oppgraderingar på Lier.

VEDTAK: Kretsstyret jobbar vidare med forslaga frå kretstingets årsmøte og drøftar oppgraderingar på Lier med leirplasskomiteen.

Eventuelt

- Festivalleir
 - Tema vert eventyrland.
 - Alle gruppene stiller med ein aktivitet
 - Marius vert leirsjef, kretsstyret er teknisk arrangør.
 - Karl Andreas tek ansvar for merker.
 - Ein e-post med info vert sendt ut til gruppene i slutten av Mars.
 - Nytt styremøte med festivalleir som hovudtema 24.04.22.
- Leirplasskomité.

Kretsstyret oppnevner tre medlemmar til leirplasskomitèen. Dei er spurt og har takka ja.

Desse er:

Espen Fosse
Karl Andreas Karlsen
Magnus Aronsen